



Frank Aarebrot forlet seminaret etter trampeklapp

Dei som overvar næringslivsseminaret i ettermiddag utan å ha så stor kunnskap om Vestlandet og Sunnhordland måtte få eit overveldande inntrykk av kor mange bein vi har å stå på. I rad og rekke sto sjefar i økonomi og bedrifter fram og fortalde om kor sterke verksemdene er og kor godt dei gjer det. Unnataka var der, men dei var ikkje mange. Professor Frank Aarebrot som runda av i kjent stil hadde da heller ikkje så mykje kritiske kommentarar.

Han var meir konstruktiv enn kritisk mellom anna med eit forslag om å la Hordaland verta ein klimaregion. Han kalla kraft-noreg fantastisk med si satsing på vasskraft og meinte satsinga på småkraftverk no er mest for å tilfredsstilla Senterpartiet.

Ellers var det grunn til å merke seg eit grundig vegforedrag av Gaute Lund og det som vart understreka frå Odda om at vegløyningar er viktigare enn kommuneregulering. Ialt var det 10 innleiingar som vart påhøyrd av rundt rekna 100 - det var nok litt mindre oppslutnad enn nokon hadde rekna med. Men opplegg og gjennomføring var svært profesjonelt og viste nok ein gong at vi kan dette med å arrangera

Sett gjennom lokale briller var positive signal frå Hydro Husnes kanskje mest gledelege men også Kværner hadde hyggjelege meldingar. Tysnes Sparebank må også førast opp på lista som gjorde inntrykk - vi ventar spent på resultatata av offensiven dei har sett igang.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen